

## Innkalling

### Studieprogramråd for barnevern

Møtedato: 01.10.20

kl. 13.00 – 15.00

Sted: Zoom-møte

---

**Deltakere:**

Marita Brekke Skjelvan, fagseksjonsleiar/ Studieprogramansvarleg  
Berit Marie Njøs, faglig representant  
Hege Sundt, faglig representant  
Tone Jørgensen, faglig representant  
Siv Berit Molland, studentrepresentant, 1.klasse  
Mahsa Dowlat, studentrepresentant, 2.klasse  
Carl Jacob Lis Sterner, studentrepresentant, 3.klasse  
Ove Mjåtveit, Einingsleiar Sunnfjord barnevern, eksternt medlem  
Ann-Iren Høgalmen, HIVO, eksternt medlem, fagfellererepresentant  
Sandrina Sandell, Løvetannakademiet, eksternt medlem, brukarrepresentant  
Ingrid Faaberg, referent

**Forfall:**

Sandrina Sandell  
Ann-Iren Høgalmen  
Carl Jacob Lis Sterner

## Etablering av studieprogramråd og rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanning:

[Studieprogramråd](#)

[Studieprogramråd ved FHS](#)

[Kvalitetshandboka](#)

[Utdanningskvalitet ved FHS](#)

[Rammeverk](#)

[Retningslinjer for honorar og lønn til studenter](#)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
<b>1/20 Godkjenning av innkalling og saksliste</b>		Innkalling og saksliste skal godkjennes med evt. kommentarer	Fagseksjonsleder	2 min
<b>Referat:</b> Saksliste er godkjent utan merknadar.				
<b>2/20 Etablering av Studieprogramråd</b>	Vedlegg: Se lenkene over	Velkommen til to nye studenttillitsvalde. Kort presentasjonsrunde og kort gjennomgang av mandat for studieprogramrådet	Fagseksjonsleder innleder og orienterer	10 min
<b>Referat:</b> 3 nye medlemmer – ny representant i 1. klasse, 2. klasse og referent (studierettleiar). Runde med presentasjon av deltakarane. Det er 3 møter i studieåret. 1 i haustsemesteret, og 2 i vårsemesteret, og det er systematisert kva tid vi tek opp ulike tema. Hovudfokuset er at det er eit rådgjevande organ der vi kan drøfte, evaluere og ta opp saker som gjeld studiet. Lenker ligg vedlagt for meir informasjon om mandatet til studieprogramråd. Studentane som deltek får honorar, meir informasjon om dette i lenker. Ved fleire spørsmål ta kontakt med studierettleiar.				

<b>3/20 Fastsette oppfølgingsform for studieprogrammet studieåret 2020-2021</b>	Vedlegg:	Plan for hvilke emner og hvordan emnene skal evalueres presenteres.  Studieprogramrådet inviteres til å gi innspill til valg av oppfølgingsform.	Fagseksjonsleder presenterer forslag og innleder til diskusjon	20 min
<p><b>Referat:</b></p> <p>Studieprogramrådet er eit fora der ein skal sikre kvaliteten på studiet. Skjema med oversikt over evalueringspunkt i studieåret ligg ved referatet.</p> <p>Valt evalueringsform er midtvegsevaluering ved anonym undersøking i forkant av klassemøtet. Deretter er det dialogmøte for fagtilsette der ein eventuelt tek med tillitsvalte. Så vert det skrive emnerapport på slutten av emne. Rapporten vert tilgjengeleg for studentar og tilsette i Teams.</p> <p>Dette har fungert og vert vidareført.</p> <p>Innspel/synspunkt:</p> <p>Kan vere vanskeleg å få til evaluering når studentar fokuserer på eksamen eller komande emne.</p> <p>Det er varierende kor høg svarprosent det er på evalueringane. Lenke i Canvas med kunngjering fører til lite svar, men dersom ein set av tid i undervisning fører det til fleire svar. Innspel frå tillitsvalte at det kan vere lurt å legge det til midt i undervisning, ikkje på slutten. Det har vore utydeleg for studentane om det anonymt eller om namn kjem fram, dette kan føre til at færre svarar. Dersom det er tydelegare for studentane at det er anonymt så trur studentane at vi hadde fått ærlegare svar. Studentane vil gjerne at det er tydeleg kva undersøkinga skal brukast til.</p> <p>Vi finn meir informasjon om evaluering i kvalitetshandboka.</p>				
<b>4/20 Orienteringssaker</b>	Vedlegg:	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bilde av utdanningen <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Rekruttering og opptak</li> </ul> </li> <li>• Status beredskap og kvalitetsarbeid i forbindelse med Covid-19</li> </ul>	Fagseksjonsleder innleder og inviterer til diskusjon	40 min

- |  |  |  |  |  |
|--|--|--|--|--|
|  |  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Orientering frå møte med tillitsvalde på utdanninga</li> <li>• Evaluering av digital undervisning</li> <li>• Informasjon om høyring på nye retningslinjer for master i barnevern og master i barnevernsarbeid (frist 30.09.20)</li> <li>• Studiebarometeret 2020</li> </ul> |  |  |
|--|--|--|--|--|

**Referat:**

**Bilde av utdanninga:**

Kullstørelsen er auka til 50 studentar. Det vert tatt inn 55-60 studentar på grunn av forventa fråfall. No er det 54 studentar i 1. klasse. 2.klasse har 45 studentar, 3. klasse har 39 studentar. Vår 2020 uteksaminerte vi 37 kandidatar. Tala inkluderer studentar som er i permisjon eller som er attende frå permisjon.

Det er mange studentar og gode søkartal.

**Status beredskap og kvalitetsarbeid i forbindelse med Covid-19**

Det har vore ein annleis vår og haust. Situasjonen vert følgt tett og naudsynte tiltak vert sett inn ved behov. Undervisningskapasitet på campus er redusert med 50%, og mykje undervisning er digital. Gruppearbeid og ferdigheitstrening vert prioritert og løyst innan gjeldande retningslinjer. Vi planlegg timeplanen for våren på same måte som for hausten. Fagtilsette er fleksible, og studentar er tolmodige. Håpar at Sogndal held seg smittefritt.

**Evaluering digital undervisning:**

Studentane tykkjer det har vore tungt med digital undervisning i 1.klasse. Filmane/videoane er gode og relevante, men ein mister moglegheita til å spørje undervegs. Kjenner seg åleine. Innhaldet er bra, men det er ikkje optimalt i forhold til undervisning på campus. Godt oppmøte for 1. klasse.

I 2. klasse har det vore lite oppmøte på fysisk undervisning. Ein del av studentane har reist heim, og nyttar derfor moglegheita til å følgje undervisninga på Zoom. Når ein har undervisning både fysisk og på Zoom er det meir utfordrande, både teknisk og det å få med studentane i begge grupper. Det må vere tydeleg at det å følgje undervisninga på zoom krev same innsatsen som å møte opp på undervisning. Det er ulikt teknisk utstyr i undervisningsromma, og dette er utfordrande i forhold til å sikre god undervisning når det er dobbelt.

### **Orientering frå møte med tillitsvalte på utdanninga**

Referatet frå møte med tillitsvalte ligg i Canvas, dei tillitsvalte har ikkje fått innspel på referatet frå medstudentar. Tillitsvalte melder at forventningane bør vere like til studentar på Zoom som på fysisk undervisning. Det bør ikkje vere valfritt å ha kamera på. Lærarane er nesten for greie, bør stille meir krav til studentane. Dei ynskjer at lærarane er tydelege på førehand på om ein krev kamera eller ikkje. Studentane er meir på hogget dersom dei veit at dei kan verte spurt direkte undervegs. Det er ulikt kor komfortable studentane er med å snakke på zoom.

Studentane ynskjer at det vert vurdert om ein skal kartlegge trivsel og einsemd blant studentane i forhold til digital undervisning. Basisgrupper knyter studentane saman, men det kan hende nokre studentar er mykje åleine. Kanskje det å få kunnskap om at det er andre som er einsame kan hjelpe til at fleire inkluderer eller gjer tiltak. Basisgruppene har tatt over for kollokviegrupper som ein hadde før, men til dømes 2.klasse har ikkje dette. Kommunalt barnevern (2.klasse) skal ha fysisk obligatorisk oppmøte i grupper saman med sosialt arbeid. Fag prøvar å sikre at alle studentane har grupper ein skal jobbe saman i undervegs i utdanninga.

Fag vil gripe tak i dette med å gjennomføre undersøking kring trivsel.

Handbok for tillitsvalte i studentdemokratiet, råd, verv og utval ligg tilgjengeleg på nett. <https://www.stvl.no/tillitsvalgthandboka>

### **Informasjon om høyring på nye retningslinjer for master i barnevern og master i barnevernsarbeid**

Forskrift for master i barnevern og master i barnevernsarbeid ligg ute på høyring, HVL har sendt inn høyringsinnspel. Forskriftene er tilgjengelege på nett: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forskrift-om-nasjonal-retningslinje-for-masterutdanning-i-barnevernsarbeid/id2691404/>

Formålet med forskrifta er at masterutdanningane skal bli likare, og sikre at kompetansen for tilsette i barnevernet skal bli høgare. Det er foreslått to masterutdanningar:

- Master i barnevern – opptakskrav er barnevernspedagogtittelen – utdanninga er konkret knytt til arbeid i barnevernteneste/barnevernsinstitusjon, praksisnær
- Master i barnevernsarbeid – opptakskrava er breiare, t.d sosionomar, barnehagelærarar – meir generell og fokuserer på akademiske ferdigheiter som t.d masteroppgåva

Sunnfjord barnevernsteneste oppmodar sine tilsette til å planlegge å ta master, og synleggjer dette i utlysing av stillingar.

Det kjem til å stillast krav om at 80% av tilsette i barnevernstenester skal ha master innan 2031.

## Studiebarometer

Undersøkinga er landsdekkande og for alle studiar og vert gjennomført av NOKUT.

Datainnsamling på same måte som før, undersøkinga vert publisert og sendt ut til 2. klasse studentar 20. oktober. Undersøkinga går over tre veker. Ved HVL er det premiering (pizza) for klassane som har høg svarprosent. Det planleggast å sette av tid i undervisning til gjennomføring av undersøking.

Dette er ei viktig undersøking der studentane kan gi tilbakemelding om kor fornøgde dei er med utdanningane. Uvisst om formulering av spørsmål er endra i forhold til innspel og situasjonen som ein er i no grunna covid-19. Studentane har i tidlegare undersøkingar gitt tilbakemelding om at dei har liten medverknad. Eit tiltak har vore at ein tematiserer dette om medverknad i 1. klasse, med informasjon og gruppearbeid. Ein vil prøve å ta dette opp igjen gjennom heile studieløpet. Det er usikkert om studentane veit kva dei kan forvente å medverke på.

Vi skal gå gjennom resultata frå studiebarometeret i eit seinare studieprogramråd.

<b>5/20 Eventuelt</b>				5 min
-----------------------	--	--	--	-------

## Referat:

Ingen saker